



Morten Nilsen (biletet) og staben hans har kome godt i gang med Vertshuset si sommaropning og no legg Morten fram eit spennande program for dei neste vekene. På onsdagar blir det quiz og på torsdagar skalldyraften.

Det startar klokka 19.30 begge dagar.

Quiz er populært i Kvinnherad og hari den seinare tid vore ein sikker vinnar også i Uskedalen. Produksjonen av intrikate spørsmål, også lokale, er i gang og Morten skal sjølv leia tevlinga.

Han lovar fine premier. Den første quizen blir avvikla førstkomande onsdagskveld, men neste onsdag blir det ikkje quiz på grunn av at det då er semifinale i VM. Dei som vil melde på lag på førehand kan ringa 45 00 20 59, men dei kan også møte fram utan innmelding.

Skalldyraften blir det altså på torsdag..

Vertshuset tek også her imot bestillingar på nummer 45 00 20 59.

Dagen før finalen, laurdag 10. juli, står VM-fest på programmet,

Vertshuset kjem også etter kvart med eit tilbod til musikk- og danseglade, men det kjem vi attende til.

Av Ola Matti Mathisen